



Innsendt til fotokonkurransen. Vipps og Candy til Elin Anita Gjerde.

Årsmelding NSK avdeling Sogn og Fjordane 2023

Medlemmer:			Diverse:
		Avdelinga har 63 medlemmer	
Møter:	Tal arr.:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøter:	5	4	Styret handsama 25 saker
Medlemstreff/ møte:	1	Test av working test Sogndalsdalen 5 (4)	
Årsmøte/fagdag	1	Fagtema var apport og workingtest 13 (11)	

Arrangement:	Tal arr.:	Tal startar (Medlemmer frå avd. i parantes)	
Utstilling:	1	55 (10)	
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	Avlyst		Ingen påmeldt
Jaktanlegg:	Avlyst		Ingen påmeldt
Ferskspor - bevegeleg:	1	4 (0)	
Blodspor:	3	32 (5+4+0)	
Valpeshow:	1	9 (1)	
Rekruttstevne rally	1	7 (1)	
Kurs:	0		
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt medlemsinfo	3		
Våre Spaniels	4	Klubben har avdelingsspalte i alle nummer	
Heimeside		Vert oppdatert regelmessig	
Facebook		Vert oppdatert ofte	
Økonomi:	Pr 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	108017.-	-1130,-	

Andre nøkkelopplysningar/tal:

Dommarar knytta til avdelinga:	Ettersøk (blod/fersk) Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotihaug, Eid, Morten Norheim, Luster. Under utdanning: Ernst Inge Brugrand, Lærdal og Lars Gunnar Røneid, Årdal Jakt/JAL: Inger Handegård, Luster. Under utdanning: Elin Anita Gjerde, Leikanger
Instruktørar	NKK trinn 2 jakt: Inger Handegård, Luster NKK trinn 1: Laila Røneid, Årdal Linn Didriksen Solsvik, Sogndal, Anne Berge Bjørnseth, Florø Rally: Inger Handegård, Luster, Laila Røneid, Årdal
Oppdrettarar med kennelnamn:	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

Styret har for 2023 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal Vald 2022 for 2 år
Nestleiar: Inger Handegård, Luster Vald 2023 for 2 år Er også leiar BK og BK-kontakt
Kasserer: Edvard Hartvigsen, Stryn Vald 2022 for 2 år

Vara: Per Ståle Vågene, Florø Vald 2023 for 1 år

Webansvarleg: Inger Handegård

Revisor: Erna Tisthamar

RS-utsendingar: Laila Røneid og Elin Anita Gjerde.

Vara: Edvard Hartvigsen og Inger Handegård

Jaktkontakt:

Elin Anita Gjerde, Leikanger Vald 2023 for 1 år

Valnemnd:

Sissel Ytre-Eide og Malene Østgård (har flytta)

Styremedlemmer vert vald for to år om gongen.

Vara, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Økonomi

Avdelinga har god økonomi. Rekneskapan viser eit meirforbruk på kr. 1130,- i forhold til budsjett pga. etterbetaling av utgifter frå forrige rekneskapsår.

Medlemstal:

Medlemstalet er no 63 medlemmer, men to av desse har meldt flytting i løpet av 2023.

Styremøte:

5 styremøter. Styret har behandla 27 saker dette året.

Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

Me prøver å oppdatere heimesida regelmessig. Facebooksida vert brukt hyppig til ting med kortare varigheit og påminningar, treningstips og anna informasjon. Årsmøtet vart annonsert i fellesannonse i Våre Spaniels. Innkalling sendt ut på epost og lagt ut på heimeside.

RS-2023:

Laila Røneid og Elin Anita Gjerde deltok frå avdelinga.

Høyringar:

Avdelinga har ikkje svart på nokon høyringar dette året

Tilbod til medlemmene i avdelinga kalenderåret 2023:

Februar

Årsmøte på Skei med sosial samling med minikurs apport og gjennomgang av working test.

April

Tilbod om apporttrening i Florø. Avlyst grunna liten interesse

Tilbod om gratis sporleggarkurs i Gaupne. Arrangør Tysk jaktterrier klubb. Ingen frå klubben møtte.

Mai

Oppstart bevegeleg blodsporprøve

Juni

Rekruttstevne i rallylydigheit på Kaupanger.

Dobbel blodsporprøve på Nordfjordeid

Juli

Trening av apportering og test av Working Test i Sogndalsdalen

Oppstart bevegeleg fersksporprøve

Bevegeleg blodsporprøve

August

Fotokonkurransen

Bevegeleg blodsporprøve

Bevegeleg fersksporprøve

September

Tilbod om hjelp med pelsstell før utstillinga

Oktober

Spesialutstilling med valpeshow på Skei. Dobbelutstilling med Sunnfjord hundeklubb.

Desember

Medlemsundersøking sendt ut på e-post

Årsmøte 12 februar 2023

Årsmøte med fagdag. Det møtte heile 11 med stemmerett og to potensielt nye medlemmer. Etter årsmøtet var det orientering om lokalt treningsopplegg/working test for spaniel. Inger Handegård og Happy Me hadde demo og gav tips til innlæring av grunnferdigheiter som basis for jakttraining, working test, kvardagslydigheit, rally, bruks m.m. Møtet vart avslutta med god mat på hotellet.

Pelsstellkurs

Me har ståande tilbod om å hjelpe medlemmene våre berre dei kontaktar styret, men få har benytta seg av dette i 2023.

Jakt-trening

Apporttrening i Florø 15. april med Elin Anita Gjerde som ansvarleg måtte avlysast grunna manglande påmelding. Det vart i staden for lagt opp til ei samling i Sogndalsdalen. Men denne helga var heile sju spaniels påmeldt LP-stevne i Florø og dei fem som møtte var alle medlemmer i avdelinga. Kjekt at interessa for lydigheit er så stor!



12 spaniels var samla i Sogndalsdalen 23. juli. Elin Anita Gjerde stilte området rundt hytta si til disposisjon og dei som møtte kosa seg i det fine været. Det vart trent apport og forsøkt testa ut Working Test.

Jaktanleggsprøve og apportprøve ordinær i august

Inger Handegård var oppsett som dommar men prøvane fekk ingen påmeldte så dei måtte avlysast.

Dobbel blodsporprøve med totalt 27 startande ekvipasjer på Nordfjordeid 17. - 18. juni

Alle påmeldte i AK fekk plass medan det vart trekking blant dei påmeldte i EK.

Laurdag dømte, Hilde Rotihaug, Elin Anita Gjerde og Geir Aardalsbakke

Søndag dømte Hilde Rotihaug, Torgeir Eimhjellen og Geir Aardalsbakke,



To hundar til 1. premie i åpen klasse laurdag. Til venstre Gloslibråten Thea til Mona og Jan Ove (Brask) Steinseth og til høyre Mi-Mio's Love You Like Christmas til Linda Katrin Haugen Haukaas

Det starta 8 spaniels laurdag og 6 søndag. Det var varmt og godt vær begge dagar. Som arrangør vurderte me forholda nøye for å legge til rette for hundane. Bruk av område vart justert for å tilpasse tilgang til vatn og terreng. Me fekk heldigvis litt regn på lørdag kveld etter at spora var lagt. Primus motor for denne prøven er Hilde Rotihaug.

Beste ekvipasje i EK på lørdag var Olav Aamot og **Streamside's Jungle Master** med 98 poeng. **Mi-Mio's Akoya Pearl** til Nina Hartvigsen fekk 94 poeng og **Ometyst's My Fairy King** til Simen Strømsøen fekk 91 poeng.

Beste ekvipasje i EK på søndag var Siv Tvilde og Latroonis Krimoline (Basset Hound) med 100 poeng! Nr. 2 vart **Mi-Mio's Akoya Pearl** til Nina Hartvigsen med 96 poeng og nr. 4 Olav Aamot og **Streamside's Jungle Master** med 86 poeng.

To ekvipasjer gjekk til 1. premie i AK på lørdag. Ingen på søndag.



Fire hundar kom igjennom EK-sporet søndag

Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

Interessa for bevegelege prøvar har vore liten i år. Berre fire har starta på bevegeleg blodsporprøve - ingen spaniels - og dei fire vart dømt av Torstein Solset, Hilde Rotihaug og Elin Anita Gjerde. Fire også på fersksporprøve dømt av Hilde Rotihaug og Morten Norheim. Heller ikkje her var det startande spaniels. Då ein av hundane var ein NOX-registrert hund kjem den ikkje med på premielista.

NM-blodspor

I år hadde me eit medlem som var med og me kan gratulera Nina og **Mi-Mio's Akoya Pearl** med ein super 12. plass på NM 2023.



Rekruttstevne rallylydigheit på Kaupanger

Det var påmeldt heile 8 hundar og 7 startar - 1 spaniel. Dømte gjorde Laila Røneid. Me hadde rosettar og premiar til alle og det vart eit svært vellukka første stevne for mange nye i sporten.



Fotokonkurranse med tema Spaniel i Sogn og Fjordane

Dømte gjorde Lustrafjorden kameraklubb. Det kom inn fem bidrag. Vant gjorde Inger Handegård med bildet over.



I springer-ringen fekk avdelinga ein ny utstillingschampion då **Fjordgløtt Cream Dream** til Elin Anita Gjerde vart BIR, BIS-3 og BIS-brukshund. BIM til **Zelfas Batman** til Laila Røneid.

Spesialutstilling med valpeshow på Skei. Dobbelutstilling med Sunnfjord hundeklubb

Inga Siil dømte spanielutstillinga. Det deltok: 4 amerikanere - alle busett i avdelinga, 4 clumbere, 18 cockere, 24 engelske springere - 5 busett i avdelinga, 2 field spaniel og 3 welsh springer - 1 busett i avdelinga.

Kvelpar: 1 amerikaner, 3 cockere, 5 engelske springere - 1 busett i avdelinga.

Medlemsundersøkinga i desember

Det kom inn 10 svar. Samandrag av svara er lagt ut på heimesida vår og facebook.

Spaniels i avdelinga som har fått championat og nye mellomtitlar i 2023

Nye titlar 2023 er merka med raudt

Nye champions:

NBSCH NV(F)CH DKSCH(B) LPI NUCH SEU(U)CH NORDVCH SEVCH BH-VT RLI SpH D

Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde

NBSCH NUCH SEU(U)CH C.I.B.-J Fjordgløtt Cream Dream til Elin Anita Gjerde

NBSCH NV(f)CH Streamside's Jungle Master til Olav Aamot

NBSCH NV(f)CH Mi-Mio's Akoya Pearl til Nina og Edvard Hartvigsen

NBSCH Gloslibråten Penny til Familien Steinseth

Ny mellomtittel :

NUCH NRLCH NVCH NV(F)CH RL1 RL2 RL3 RLE BH SpH D SpH C Desperados Finnwin til Inger Handegård

NBSCH NV(F)CH RL1 RL2 SpH D SpH C Desperados Happy Me til Inger Handegård

N BSCH N V(F)CH DKSCH(B) LPI N UCH SE U(U)CH NORD VCH SE VCH BH-VT RLI SpH D

Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde

RL1 Desperados Just You And Me til Inger Handegård

NORD VCH N RLCH N V(F)CH SpH D BH RLII RLIII N V(F)CH NVV-23 Zelfas Ariel til Laila Røneid

Årets mestvinnande i fylket 2023:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat, men me har også teke med alle resultat oppnådd på avdelinga sine eigne arrangement. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. forslag frå medlemmer, heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på avdelinga sine offisielle arrangement prøvar og utstilling (og eventuelt andre arrangement) og som også har vore aktive på andre aktivitetar i avdelinga som årsmøte, kurs, online-konkurransar m.m. Årets junior, debutant og alle greinvinnarar med meir enn 100 poeng oppnådd får eit gåvekort på kr. 200 for bruk på avdelinga sine aktivitetar i året som kjem.

Årets junior:

Ingen kandidatar til årets junior.

Årets jakthund:

Ingen kandidatar.

Årets debutantar:

Fam. Steinseth

Årets utstillingshund:

Utstilling			
1	430	Fjordgløtt Cream Dream	Elin Anita Gjerde
2	400	Heat-stead Amicoock's Xinxin	Inger-Berit Haugen
3	240	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde
3	240	Zelfas Ariel	Laila Røneid
5	220	Fire 'N Ice Dare To Dream	Sissel Ytre-Eide
5	220	Fjordgløtt Bonnie	Elin Anita Gjerde
7	195	Zelfas Batman	Laila Røneid
8	180	Desperados Just You and Me	Inger Handegård
9	130	Dhen's Here There and Everywhere	Guri Olsen

Årets hund på sporprøver (blod/fersk)

Spor			
1	320	Mi-Mio's Akoya Pearl	Nina Hartvigsen
2	230	Gloslibråten Penny	Fam. Steinseth
3	220	Streamside's Jungle Master	Olav Aamot
4	210	Fjordgløtt Cream Dream	Elin Anita Gjerde
5	110	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde
5	110	Ometyst My Fairy King	Simen Strømsøy
7	90	Gloslibråten Thea	Fam. Steinseth

Årets rallylydigheitsspaniel

Rally			
1	380	Desperados Happy Me	Inger Handegård
2	240	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde
3	200	Desperados Just You and Me	Inger Handegård
4	110	Fire 'N Ice Dare To Dream	Sissel Ytre-Eide
5	50	Mi-Mio's Akoya Pearl	Nina Hartvigsen

Årets brukshund (NBF)

Brukshund			
1	160	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde
2	110	Desperados Happy Me	Inger Handegård
3	70	Desperados Just You and Me	Inger Handegård

Årets lydighetspaniel

Lydigheit			
1	210	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde
2	180	Desperados Happy Me	Inger Handegård

Årets agilityhund:

Agility			
1	130	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde

Årets allsidighetsspaniel:

Allsidighet			
1	490	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde
2	330	Desperados Happy Me	Inger Handegård
3	230	Ometyst My Fairy King	Simen Strømsøy
4	190	Desperados Just You and Me	Inger Handegård
5	170	Mi-Mio's Akoya Pearl	Nina Hartvigsen

Dette er me gode til i avdelinga vår:

- Få til variert aktivitet
- Arrangere offisielle arrangement som utstilling, blodspor, jaktanleggsprøve og brukshundprøve
- Dugnadsånd!
- Ha god stemning på arrangementa våre
- Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover
- Oppnå resultat
- Ha god økonomistyring